




# Foldrøy skule

Eit historisk tilbakeblikk  
i samband med grunnskulejubileet 1989

# Foldrøy skule

Eit historisk tilbakeblikk  
i samband med grunnskulejubileet 1989

---

Skrive av  
Karl Bjørkelund

Oktober 1989

Grafisk form og trykk  
Sortland & Raknes

# 1 DEN NORSKE FOLKESKULEN

Det var den pietistiske rørsla som var den store pådrivar-  
ren for å fremja folkeopplysninga.

Ein kan seia at saga om den Norske folkeskulen  
tek til med Kristian den 6. si "forordning" av 23 Januar  
1739. Den gir reglar for oppretting av skular på landsbyg-  
da i Noreg, der tilhøva gjorde det mogleg.

Etter denne forordninga skulle det sytast for at alle born  
fekk undervisning i kristendomskunnskap, lesing, skri-  
ving og rekning. Folkeskulen var etter ordninga av 1739  
først og fremst ein skule i kristendom. Undervisninga var  
mykje det å høyra elevane i utanåtlærde lekser i katekis-  
ma, forklåring og salmebok. Bøker var dyre og vanskele-  
ge å skaffa for vanlege folk, så det vart helst slik at borna  
lærte kristendomskunnskap ved å høyra den lesen gong  
på gong.

"Ad Ørets vei, ikke ad Øyets", som det heitte på den tida  
sitt språk.

Det var kyrkja og presten som stod ansvarlege for  
skulen. Den "sognekommissjonen" som vart opretta, be-  
stod av presten, lensmannen, medhjelparane og to menn  
frå kvart kyrkjesokn. Desse skulle då passa på at borna  
fekk ein kristelig oppdragelse og undervisning hjå skule-  
haldarane.

## SKULEN I FINNÅS PRESTEGJELD.

2

Finnås prestegjeld var noko større i den tida enn no. Det omfatta: Sveio, Moster, Bømlo og Bremnes. Johan Nordahl Bruun, biskop i Bergen, var på visitas i Moster i år 1800. Han skreiv i journalen sin at: "Ungdomens kunnskap var usikker og mindre enn tilbørlig". I 1805 var han på visitas i Bremnes og då skriv han at "ungdomane sin kunnskap var middelmådig". Men i 1818 var biskop Pavels på visitas, og han fann ut at "ungdomen i Finnås var godt opplyste og flinke til å læra utanåt". Og då biskop Neumann var her i 1828 var han særst godt nøgd med ungdomen ved overhøyring i kyrkja.

I 1828 var det 8 omgangsskulelærarar i Finnås. I 1839 var talet kome opp i 10. I førstninga av 1842 kom det fast skule på Sakseid, den første skulen i Finnås. Torstein Johnsen Sakseid vart tilsett som lærar. I skulen på Sakseid var det undervisning 8 mnd. for året. Gutane møtte dei tre første dagane i veka, og jentene dei tre siste.

I referat frå møte i "Finnås skulekommisjon" 6. oktober 1860, finn me den nye skulelova omtala. Kommisjonen delte seg i sognvise nemnder som skulle koma med framlegg til krinsdeling i sokna sine.

Det viktigaste i den nye lova, "Lov om almueskolevæsenet på landet", var utan tvil krav til krinsdeling og faste skulehus, anten i leigt hus eller hus som kommunane åtte. Den nye skuleskipnaden førte til auka kostnad til skulane.

### 3 | FOLDRØY SKULE.

På Foldrøy vart det skipa ein krins av gardane: Sætre, Ørevik, Foldrøy, Foldrøyhamn, Juskevik, Tongane og Esperøy. Den vert nemnt som 5.krins i Moster sokn. Innvær, Mekebakken og Ekornsæter var 1.krins i Bremnes sokn. Begge krinsane var framleis omgangsskular.

Som sagt krov den nye skulelova at det vart bygd faste skulehus i krinsane, men det var dårlege tider reint økonomisk.

Fiske, som var det viktigaste næringsgrunnlaget her i bygdene, slo feil i desse åra. Kommunestyret prøvde i det lengste å halda utgiftene til skulen så låge som mogleg. For å få fast skule på Foldrøy, leigde dei "Inge stova" i Foldrøyhamn, ( den står der framleis) det var kårstova til



*"Follerøen Folkeskole" 13.mai 1906.*

1.rekkje frå venstre: Inga Folgerø(Stokka), Synnøve Myhre (Nilsen), Sofie Birkenes, Martha Sæthre (Eikeland), Anna E Folgerø (Hermansen) (USA), Berta Folgerø (Magnussen), Ole G Bakken, Nils P Folgerø (USA), Konrad Bråtenes, Isak Solheim.

2.rekkje frå venstre: Ovidia Juskevik (Kobbeltveit), Secilie Sælle (Karlsen), Mathea Sæthre (Nilson) (Sverige), lærar Johannes Sælle, Bernt Karlsen, Jakob Ekornsæther, Georg Brendesæther, Lars Myhre, Andreas Steinsvåg, Årstein Sælle.



*Skulebilde frå 1914 (ikkje heilt stadfesta årstal)*

*Bakerst frå venstre: Gustav Simonsen, Anton Esperø, ukjent, Johan Esperø, Knut Folgerøholm, Gunnhild Bakken (Lassen), ukjent, Jenny Ørevik (Vareberg), Serine Bærø (Folgerø)*

*Fremste rekkje frå venstre: Ole Folgerøholm, Karl Rikard Folgerø, Ivar Thorsen, Hans Myhre, Johannes Bakken, Gunnar Gundersen.*




*Skulebilde frå ca.1917.*

*Bakerste rekkje frå venstre: Gunnhild Bakken (Lassen), Serine Bærø (Folgerø), Hanna Bakken (Sebdal), Jenny Ørevik (Vareberg), Anna Hermansen (Folgerøholm), Borghild Berge?, Anna Godhavn (Gundersen)?, Amanda Gundersen (Hellesøy), Gyda Thorsen (Myhre), Jenny Birkenes, Gunnhild Norheim, Emma Shei.*

*Framme frå venstre: Peder Hermansen, Sigurd Myhre, Rikard Folgerø, Anton Esperø, Ole Folgerøholm, Johan Esperø, Einar Esperø.*

5 | garden i den tida.

Skulehuset på "Skulehushaugen" ovanfor gravplassen vart først bygd i 1881 og det var truleg frå den tida at gardane: Brennesætre, Bråtanes, Ekornsæter og Mekebakken vart slegne saman med Foldrøy-krinsen til ein skulekrins. Og slik var det like til 1925 då skulehuset vart ombygd og flytta til den staden skulen står i dag. Då vart elevane utanfor Foldrøy-dalen ført over til Innvær skulekrins. I tida medan skulehuset vart flytta, gjekk borna på skule i bedehuset som var bygd i 1924.



*Folderøy Skule etter ombygging og flytting i 1925.  
Skulen står på same staden der "nye skulen" står i dag.*

I den første tida etter skiljet var det så få elevar at det var samla skule. I skuleåret 1927 -28 var det såleis berre 12 elevar, men det auka litt etter litt slik at i 1935 var her 24 elevar. Seinare gjekk elevtalet litt opp og ned framgjennom åra like til i byrjinga av 1960 -talet. Då vart det fart i husbygginga og folk flytta hertil, og dermed steig elevtalet slik at her måtte byggjast nytt skulehus. I 1973 var "nye skulen" ferdig og teken i bruk.

## LÆRARANE. (frå 1861- 1968)

Som lærar i omgangsskulen vart som oftast utteke gutar som presten hadde lagt merke til var flinke i kristendomskunnskap, og hadde god oppførsel når dei gjekk og "las for presten" som det heitte. Så fekk dei litt vidare opplæring hjå klokkaren etter konfirmasjonen.

Det var ikkje særleg populært å vera skulehaldar, for løna var dårleg og det vart liksom ikkje rekna for skikkeleg arbeid. Til gjengjeld vart dei fritekne frå militærtjeneste dersom dei var skulehaldarar i minst 6 år, men trass i dette var det mykje skifte av lærarar i denne tida. Som sagt hadde desse lærarane inga særleg utdanning, men etter kvart kom det lærarar med noko vidare utdanning frå lærarseminar som til døme det i Kopervik og på Voss. Frå 1860 og frametter byrja det å koma lærarar med eksamen frå lærarskular slik som den på Stord. Nå byrja ei ny tid i skulane. Den første med eksamen frå Stord Lærarskule som kom til Finnås var Tønnes Trøiel. Han var lærar i 6. omgangsskulekrins, Stavland og Svortland. Johannes Sælle var truleg den første med full lærarutdanning i Foldrøy-skulen. Han tok eksamen ved Stord lærarskule i 1879 og byrja på Foldrøy 1883, og her vart han verande til han slutta som lærar i 1920.

Elles er Lars Johnsen Baståsen den første "skoleholder" i Foldrøy eg kan finna. Han var her frå 1861 -66 og 1868 -69 og ei tid i 1872. Seinare vart han kolportør og budde i Bergen. Etter han følgde ei rekkje lærarar som eg nemner her i rekkjefølgje:

Lars Høen 1866 -68, han for så til Håvik-krinsen.

Ingvald Helldal 1869-70. Han óg for til Håvik og seinare til Bergen. Elling Hamre frå Sogn 1873 -74.

Sjur Moe 1874 -76. Anders Vorland frå Sørå-Bømlo 1876 -77.



7 | Gunnar Sortland 1877 -80. Han hadde heller inga lærar-  
utdanning, men reiste til Stord lærarskule og tok eksa-  
men der 1882. Han var her ei kort tid til hausten 1882,  
men flytte til Stavanger. Der vart han overlærer.

“Svortla`n,” som han vart kalla var ein av dei som heldt  
skule i “Inga stova” i Foldrøyhamn. Han skulle vera så  
interessert i skjerping, og tok elevane med på leit etter  
mineralar i fjellet. Det var ei tid med mykje skjerping her  
på Bømlo.

I 1880 -82 kom Johannes Sæle som før nemnt. Han er den  
som til dags dato har vore lengst lærar i Foldrøy skulen, i  
heile 37 år. Han var fræ Sør- Sele og budde på Mekje-  
bakken der han hadde ein liten gard. Då han slutta i 1920  
var Olga Botolfsen frå Troms her ei kort tid.

Så vart Inga Førde tilsett og hadde lærarposten til 1922  
då ho vart gift med Amund Karlsen i Foldrøyhamn.

Seinare var ho då husmor og postopnar.


Elisabeth Koløy frå Fitjar var her i frå 1922 - 25. Så kom  
Harald Gjerde og var fram til 1935 då han flytte til Sak-  
seid, og seinare til Skimmeland som styrar og klokkar i  
Moster kyrkje. Etter han kom Torleiv Ultang som var her  
til 1944. Han har seinare vore lærar ymse stader. Sist  
styrar ved Enge skule i Etne. Frå hausten 1944 kom As-  
laug Madsen frå Rubbestadneset og hadde posten til  
våren 1947.

Kåre Volle kom så i 1948 og var her fram til 1956, med eit  
avbrekk året 49 -50 då kona hans Guro Volle var vikar for  
han. Volle var først og fremst ein mykje dugande musi-  
kar, og då han slutta var det for å verta musikk-lærar ved  
Tromsø lærarskule. Han var seinare ved Stord lærarsku-  
le. Så kom nokre år med ymse vikarlærarar i skulen. Frå  
1957-1959 var Olav K. Fylkesnes tilsett her. Han flytta då  
til Gilje.

Det var lærarmangel i desse åra, men hausten 1961 vart Ingeborg Halderaker tilsett i Foldrøy, og ho var her til 1968, då ho flytta til Rubbestadneset.

## LITT FRÅ MI EIGA SKULETID.

Den 14.mai 1935 byrja eg på skulen. Etter det eg kan hugsa var det ein fin vårdag. Mor fylgde meg på skulen denne første dagen som skikken var. Harald Gjer-



*Skulebilette frå 1935.*

1. rekkje frå venstre: Solveig Eriksen Asbjørnsen, Solveig Folgerøholm (Stokka), Gullborg Folgerøholm (Nyheim), Johan Folgerøholm, Erling Eriksen, Arthur Solhaug, Ingvald Johan Myhre, Karl Bjørkelund, Birger Bakken.  
 2.rekkje frå venstre: Hermann Bjørkelund, Karl Karlsen, Leif Endresen, Odd Myhre, Magny Endresen Farstad, Martha Wathne (Eriksen), Marta Stølen (Gilje), Bjarne Folgerø, Aslaug Bjørkelund (Flatråker),  
 3. rekke frå venstre: Magnus Bjørkelund, Hjalmar Myhre, Ingvald Stølen, Karl Solhaug, Sigfrid Karlsen (Jenssen), Kristine Solheim (Grasdøl).  
 Heilt til venstre lærar Harald Gjerde.

de var læraren, og han tok vel imot oss fem som var dei nye elevane det året. Me vart høgtideleg innskrivne i protokollen med namn, fødselsdag og år, og så var me altså elevar ved Foldrøy skule.

Noko seinare på våren var me på skuletur til og med. Det var korkje til London eller Paris, men med motorbåt til

9 | Stongarvågen. Brua over Stongarvågen og vegen til Rubbestadneset var ferdig bygde dette året, og difor skulle me dit og sjå oss om. Ette å ha fortært skivene med egg og brunost og drukke raud saft frå flaska med patentkork, gjekk me vegen frå brua og til fabrikkjen på Rubbestadneset, der me fekk sjå oss om. Og me vart storleg imponert av det me såg. Akslingar under taket med



*"Småskulen" 1954.*

*Lærer er Sverre Skimmeland.*

*Bakerste rekkje frå venstre: Terje Folgerø, Bjørn Vågen, Magnar Ørevik, Lars Magne Folgerø.*

*Fremste rekkje frå venstre: Wilhelm Heggøy, Kirsten Blåsternes (Glittenberg), Aud Inger Throndsen (Vedøy), Per Kåre Throndsen.*

store reimar som dreiv verktøymaskinar av alle slag, og alle desse karane som arbeidde der. Det var mest som overklassen her i bygda det i den tida, for dei hadde fast arbeid og dermed fast inntekt. Det stod respekt av slikt i det Herrens år 1935.

Året etter var me og på skuletur. Denne gongen bar det i veg til Leirvik. Det var varemesse på Leirvik denne sommaren og det var mykje forvitneleg å sjå. Det eg hugsar best er at eg åt iskrem for første gong.

Eit års-tid etterpå var me igjen til Leirvik på tur. Me skulle på noko dei kalla "Oslofrukost". Ein framstøyt for å få betre kosthald mellom skuleborn. Mottoet hugsar eg: "Drikk melk, helse i hvær dråpe". Elles måtte me eta mykje gulerøter det var sunnt og godt.

Når eg tenkjer på kva resursar skulen rådde over i den tida og samanliknar med skulen i dag, er skilnaden himmelvid. Me måtte kjøpa alle bøker sjølv. Lesebok, Noregs Soga, Landkunna og Kyrkjesoga gjekk i arv frå den eldste og nedover i syskenflokk, så dei kunne vera noko fillete på slutten. Kladdebøker og skrivebøker, blyant og viskeler måtte me kjøpa på krumbua, og når pengar var ei så stor mangelvare, tyngde det nok budsjettet for dei fleste.

Det var eit stort framsteg då me nokre år seinare fekk gratis skulemateriell. Eg trur det var kring 1936-37.

Litt seinare fekk me eit skap med utstyr til undervisning i fysikk, og eg skal seia det var andakt i skulestova når lærar Ulltang demonstrerte influens-maskina. Me fekk og skuleboksamling i desse åra, og me lånte bøker og las så auga vart stort og vått. "Den store tøm-




*Ei av dei siste 17.mai-feiringane utanfor gamleskulen før denne vart riven.*

11 | merdrifta", "Sølvskeisene" og "Du får gjera det du" er bøker eg hugsar godt.

Ei anna storhende kom i 1938, den nye rettskri-vinga! Før hadde me skrive "fyr" og "um" og "boki". No skulle det vera før, om og boka.

I lang tid hadde "Rolfens Lesebok" vore brukt i den norske folkeskulen. Eit utmerka leseverk, spør du meg. Eg hugsar særleg 4. heftet som hadde mykje gildt stoff, mellom anna diktet om "Terje Vigen". No vart "Austlids Lesebok" innført i skulen. Sikkert ei framifrå bok det og. Elles var det "Luthers lille katekisme" og "Sverdrups Forklaring" som var dei viktigaste lærebøkene. Det var slikt me skulle kunna utanåt og ordrett. Salmevers hadde me og ofte i heimeleksa.

Det var streng disiplin i skulen. Me byrja alltid skuledagen med ein song: "Syng i stille morgonstunder" og "Sjå dagen sprett" var mykje nytta. Deretter bad læraren ei bøn. Det var alltid kristendom i første time, og som før sagt var det lærdom som skulle kunnast. Når skuledagen var slutt song me alltid ein høveleg song, som til dømes "No soli bak om blåe fjell", "Dagsens auga sloknar ut," og andre kveldssongar og læraren bad ei bøn



Ny Folderøy Skule oppført og innvigd 1973.

etterpå. Så tok me skuleveska under armen , gjekk ut i tur og orden og bukka for læraren når me passerte kateteret. Me skulle gå" stilt og høvisk ut", heitte det, men å gå stilt var ikkje så lett i tresko. Det var vel så som så med det høviske og. Men det var den gong det, og ikkje no!

12



*Tuntreplanting våren 1989.*

*Eldste mann i bygda, Karl Folgerø  
og yngste skuleelev, Ole Kristian  
Heggøy planter ein blodbøk.*

*Same to personar planta også ei ask.  
Begge tuntrea vart planta i høve  
Grunnskulen sitt 250 års-jubileum.*



### **Kjelder:**

*S. Ommedal: "Finnås Lærarlag" 1852-1952*

*Halkild Nilsen: "Skolestell og folkeopplysningsarbeid i  
bygdene i Bergen Stift 1800-1850*